

Til medlemmer i Hovudutval for samferdsle, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Viser til saksframlegg til møte i hovudutval for samferdsle 09.02.16, sak 7/2016 Fylkesbudsjett 2016 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg.

Eg reagerer sterkt på at planleggingsmidlar for Fv. 601 Måløy – Vågsvåg er foreslått kutta.

Behovet for opprusting av vegen mellom Måløy og Vågsvåg har vore tema over lang tid. Samferdsleutvalet var på besøk i Måløy sommaren 2014 og var på busstur på nemnde strekning der dei fekk oppleve trafikkmengda og det faktum at trafikken nærast stoppa opp ved fleire høve. Ein fekk faktisk spørsmål om dette var organisert for høvet, noko det sjølvst sagt ikkje var. Trafikken har ikkje blitt mindre etter dette, det har tvert i mot vore stor byggeaktivitet i byggefelt i Holvik siste åra.

I etterkant av dette har Vågsøy kommune sendt inn oversikt over behov for strakstiltak i form av møteplassar, men ikkje fått svar.

Kan også nemne at eg har fått opplyst at vegstrekninga har blitt omdøyppt til Fv. 621, dette kjem også fram av kart.

Ferske ÅDT-tal frå SVV for 2015 viser følgjande:

Måløy-Holvika er ÅDT: 1150

Holvika-Vågsvåg er ÅDT: 700

Frå Vågsvåg og vidare utover er ÅDT: 250

Eg har stor forståing for at planleggingsmidlane er begrensa, men ber likevel om at samferdsleutvalet løyver dei nødvendige planleggingsmidlar for strekninga Måløy – Vågsvåg.

Med helsing

Kristin Maurstad

Ordførar Vågsøy kommune